



HEMSEDAL KOMMUNE
3560 Hemsedal

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Att: Fylkesordfører Åshild Kjelsnes
Fylkeshuset, Leikanger

Hemsedal, 26. august 2015

Invitasjon til medlemskap i Rv 52 Hemsedalsfjellet.

Kommunane Gol , Hemsedal , Lærdal , Sogndal og Jølster har i møte 5. mars 2015 skipa Interesseselskapet Rv 52/ Rv 5, med arbeidsnamn - Rv 52 Hemsedalsfjellet.

Dette vart gjort etter eit initiativ frå Hemsedal kommune.

Føremålet med selskapet er som det står i vedtektene § 2:

«Interesseselskapet sitt formål er å fremje Rv 52 med arm Rv 5 som ein hovudveg mellom Austlandet og Vestlandet.

I det ligg det også å gje innspel på utbetring og omlegging av vegane og å gjera framlegg om trafikktryggleiksfremjande tiltak «

I januar i år kom Statens Vegvesen sin rapport « Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet « Den har ei grundig vurdering av 4 moglege alternativ , og konkluderer med at det er rett å prioritere 2 framtidige hovudveggar aust –vest.

Rv 52 Hemsedalsfjellet med arm Rv 5 er ein av dei. Det er den føretrekte vegen nord for Hardangervidda og dekkjer vestlandet frå Bergen og nordover mot Ålesund på beste måte. Høyringsrunden no etterpå styrker rapporten sin konklusjon om to hovudveggar, ein over Haukelifjellet og ein over Hemsedalsfjellet.

Både NHO, LO og Norges Lastebileigarforbund støtter dette.

Mest sannsynleg blir det ein stortingsproposisjon i haust om vegforbindelsen aust – vest.

Det vil då bli ein politisk diskusjon og dragkamp om kva for val som skal gjerast.

Me ser det som ei stor føremon om alle som går inn for Rv 52 Hemsedalsfjellet vert med i interesseselskapet og på den måten stør opp om det arbeidet som må gjerast framover hausten og vidare elles. Sjølv om Statens Vegvesen sin rapport er grundig og sakleg, samt at den vart styrka i høyringsrunden, er saka ikkje avgjort. Det vil nok skje i Stortinget og i den prosessen må me være tilstades med full tyngde.

Den årlege kontingenten for å være medlem i interesseselskapet er sett til kr 10.000 for kommunar og fylkeskommunar og kr 5.000 for bedrifter.

Me håper på ei positiv handsaming av invitasjonen.

Med helsing

IS Rv 52 Hemsedalsfjellet


Oddvar Grøthe

Ordfører Hemsedal og styreleiar

